

SULA KOMMUNE  
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I SULA KONTROLLUTVAL**

Det vert med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**tirsdag, 27.04.2010 kl. 10.00**  
**på kontrollutvalsekretariatet sine lokalar i Lerstadvegen**

**SAKLISTE:**

- Sak 05/10 - Godkjenning av møteprotokoll frå møte 26. mars 2010
- ” 06/10 - Årsmelding 2009 - Sula kommune
- ” 07/10 - Kommunerekneskapen 2009 - Sula kommune
- ” 08/10 - Klage på saksbehandling i frådelingsak – Herlof Bjørge

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no)

Erling Olav Brenne  
leiar  
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I  
SULA KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 26. mars 2010, kl.12.00

Møtestad: Kontrollutvalsekretariatet sine møtelokalar, Ierstadvegen 545

Møtet vart leia av: Erling Olav Brenne

Elles til stades:

Øistein Ramsli og Anne Berit Salen

**= 3 voterande**

Frå Sula kommune møtte kommunalsjef Kjetil Fylling i sak 05/10.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:

Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møtte:

Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen, revisjonsrådgivarane Jens Sæther og Kurt Løvoll

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Sakene var behandla i denne rekkefølga:

**SAK 05/10**

**DRØFTING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT GJELDANDE  
SJUKEFRÅVÆR**

Saksdokument datert 22.03.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Bestillinga av forvaltningsrevisjon innan sjukefråvær står ved lag.

**SAK 01/10**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 14. OKTOBER 2009  
Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 14. oktober 2009 blir godkjent.

**SAK 02/10**

**TILSYNSRAPPORT FRÅ FYLKESMANNEN OM TILSYN ETTER LOV OM  
BARNEHAGAR HAUSTEN 2009**

Saksdokument datert 22.03.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 03/10**

**KONTROLLRAPPORT 2009 VEDKOMANDE  
SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN I SULA KOMMUNE**

Saksutgreiing datert 22.03.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Sula kommune datert 08.02.2010 frå Skatteetaten til orientering.

**SAK 04/10**

**KLAGE PÅ SAKSBEHANDLING I FRÅDELINGSSAK – HERLOF BJØRGE**

Saksdokument datert 24.03.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet ber Sula kommune innan 15.04.2010 skriftleg gjere greie for si saksbehandling og dei rettsreglar som er brukt.

Erling Olav Brenne  
leiar  
(sign.)

Øistein Ramsli  
medlem  
(sign.)

Anne Berit Salen  
(medlem)  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 22.04.2010

**SAK 06/10  
ÅRSMELDING 2009 – SULA KOMMUNE**

Som vedlegg følgjer:

- Årsmelding 2009 – Sula kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer. Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2009 for Sula kommune til orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 22.04.2010

**SAK 07/10  
KOMMUNEREKNESKAPEN 2009 – SULA KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2009 - Sula kommune
2. Sula kommune - kommunerekneskapen 2009

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor og administrasjonen supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

**uttale:**

Sula kommune sin rekneskap for 2009 blir godkjent.

Harald Rogne  
dagleg leiar

Vår sakshandsamar:

Vår dato:  
20.04.2010  
Dykkar dato:

Vår referanse:  
Dykkar referanse:

Kommunestyret  
i Sula kommune

Kopi: Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Rådmannen

## REVISJONSMELDING 2009 – SULA KOMMUNE

Vi har revidert årsrekneskapen for Sula kommune for rekneskapsåret 2009, der driftsrekneskapen viser kr 284 588 000,- til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 9 952 000,-. Vi har også revidert dei budsjettvedtak og disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen. Vidare har vi revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen. Årsrekneskapen er sett saman av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversikter og noteopplysningar. Kommunelova med tilhøyrande rekneskapsreglar i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, er nytta ved utarbeidinga av rekneskapen. Årsrekneskapen er lagt fram av kommunen sin fagsjef for rekneskap og rådmannen. Årsmeldinga er lagt fram av rådmannen. Vår oppgåve er å uttale oss om årsrekneskapen og andre forhold i samsvar med kommunelova og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv.

Vi har utført revisjonen i samsvar med kommunelova, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, med tilhøyrande revisjonsstandardar vedtekne av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som underbygg informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei nytta rekneskapsprinsippa og vesentlege rekneskapsestimater, og vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god kommunal revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av kommunen si økonomiforvaltning og den interne administrative kontroll. Vi meiner at vår revisjon gir eit forsvarleg grunnlag for vår uttale.

Vi meiner at

- Årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for Sula kommune si økonomiske stilling 31. desember 2009 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk i Noreg
- dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett
- leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og i samsvar med lov og forskrifter.

  
Kjetil Bjørnsen  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 22.04.2010

**SAK 08/10**  
**KLAGE PÅ SAKSBEHANDLING I FRÅDELINGSSAK – HERLOF BJØRGE**  
(jf sak 04/10)

Som vedlegg følger:

- Brev frå Sula kommunedatert 14.04.2010

Det blir lagt opp til ei drøfting kor vidt kontrollutvalet skal gå nærare inn i saka.

Harald Rogne  
dagleg leiar



Sunnmøre kontrollutvalgssekretariat iks  
Postboks 7881 Spjelkavik

6022 ÅLESUND

Vår ref.:  
10/5270

Saksbeh.:  
LM

Ark.:  
96/2

Dykkar ref.:

Dato:  
14.04.2010

## UTGREIING OM SAKSBEHANDLING I DELINGSSAK GNR.96 BNR.2, SULA KOMMUNE

Viser til Dykkar brev av 26.03.2010 vedkomande sak 04/10: Klage på saksbehandling i frådellingssak – Herlof Bjørge.

Sula kommune har behandla denne delingssaka utifrå mottatt søknad frå bustyraren. Ifølgje bustyreattest/fullmakt frå Sunnmøre tingrett er det opna offentleg skifte i buet etter Adolf Godø, og retten har oppnemnt advokat Inger Marie Sperre som bustyrar. Bustyrar forestår, på retten sine vegne, forvaltninga av buet og har fullmakt til å ordne alt i samband med bubehandlinga og buoppgjeret.

Dette betyr at det berre er bustyraren som kan rekvirere deling av eigedommen gnr.96 bnr.2, og det er søknad frå bustyrar som skal behandlast. Sula kommune har ikkje noko med korleis bubehandlinga og buoppgjeret vert gjennomført. Avtalar som Bjørge har hatt med buet er såleis Sula kommune uvedkomande.

Søknaden om frådelling av "løetomta" (sjå vedlegg) vart med heimel i Sula kommune sitt delegasjonsreglement kap.7.2 pkt 2, andre kulepunkt, først behandla administrativt. Det vart då, utifrå at dette var eit arveoppgjær, gitt løyve til frådelling av ein parsell med areal ca 220m<sup>2</sup>, slik som omsøkt, men då på visse vilkår. Jfr vedlagt saksframlegg og vedtak datert 10.08.09, sak 151/09.

Som part i saka, klaga Bjørge på vedtaket, og klagesaka vart lagt fram for planutvalet i møte 17.11.09, P-sak 137/09. Planutvalet oppheva då tidlegare delegasjonsvedtak og gjorde følgjande vedtak: *Det faste utvalet for plansaker viser til vedtatt reguleringsplan og finn ikkje å kunne gi dispensasjon som omsøkt.*

*Grunngjeving. Den omsøkte delinga er ikkje i samsvar med gjeldande reguleringsplan*  
Planutvalet sitt vedtak vart oversendt partane.

Det har ikkje kome klage på dette vedtaket og det er no planutvalet sitt vedtak som gjeld i saka. Saka er dermed avslutta.

Adresse:  
Postboks 280  
6039 LANGEVÅG

Telefon:  
Sentralbord: 70 19 91 00  
Saksbeh: 70 19 91 00  
Telefaks: 70 19 91 01

E-post:  
postmottak@sula.kommune.no  
Web:  
www.sula.kommune.no

Bankgiro:  
3910 32 90515  
Skattekonto:  
6345 06 15317

Foretaksnr.:  
964 980 543




Bustyrar har ikkje kome med ny søknad om frådeling av "løetomt" med arrondering i samsvar med reguleringsplanen.

Kopi av gjeldande reguleringsplan for området, godkjent 15.12.1982, ligg ved. Det er i ettertid ikkje gjort endringar i reguleringsplan for dette området.

Dei vedlagde saksframlegga viser kva for vurderingar som er gjort i denne saka.

Dersom det er behov for ytterlegare opplysingar er det berre å ta kontakt med underteikna.

Med helsing



Leif Mun  
driftseigningsleiar

Vedlegg:

Delingssøknad

Bustyrerattest/fullmakt

Delegasjonsreglement

Saksframlegg delegasjonssak

Uttale frå bustyrar til klage frå Bjørge.

Saksframlegg og vedtak i planutvalet

Kopi av del av gjeldande reguleringsplan